

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesdirektøren:**

Dokumentoversyn:
Tal prenta vedlegg: 1
Tal uprenta vedlegg: 0

Revidering av plan for bibliotektenesta i dei vidaregåande skulane

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutvalet sluttar seg til fylkesdirektøren sitt framlegg til Utviklingsplan for bibliotektenesta for vidaregåande skular i Sogn og Fjordane 2007-2010.
2. Iverksetjing av opptrappingsplanen må skje gjennom budsjett og økonomiplanarbeidet.

Prenta vedlegg:

1. Utviklingsplan for biblioteka i vidaregåande skular i Sogn og Fjordane 2007 – 2010
2. Notat frå fylkesdirektøren datert 10.11.06 m/vedlegg

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Fylkesdirektøren legg med denne saka fram *Utviklingsplan for biblioteka i vidaregåande skular i Sogn og Fjordane 2007-2010*. Planen legg i hovudsak vekt på ei opptrapping når det gjeld stillingsressursar til bibliotekarar, men peikar også på behovet for auka løyvingar til innkjøp og oppdateringar av mediesamlingar. Dette er nødvendig for at bibliotekarane saman med andre aktørar ved skulane får biblioteka til å framstå som gode og trivelege læringsarenaer.

Planen tek utgangspunkt i den gamle bibliotekplanen frå 1994, *Bibliotekteneste for dei vidaregåande skulane*, der mandatet var å greie ut korleis bibliotektenesta ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane burde utviklast.

Utvalet den gong skreiv at ut frå rettleiande normer burde det tilsetjast bibliotekarar i 14,5 stillingar og noko kontorpersonale i tillegg, men landa likevel på ei nøktern tilråding på til saman 6 stillingar for bibliotekarar/samlingsstyrarar. Tilrådinga var heil stilling som bibliotekar i Sogndal og i Førde (delt mellom Hafstad og Øyrane) og halv stilling ved Stryn, Eid og Flora. Resten av skulane skulle få samlingsstyrarressurs, i praksis ca 20% ved kvar skule. I tillegg tilrødde utvalet ei prosjektleiarstilling på 50%, til å rettleie skulane i oppbyggingsfasen og skape samarbeid mellom biblioteka for best moglege utnytting av ressursane.

Dei tilrødde bibliotekarressursane kom på plass, og Flora vg har seinare fått auka ressursen sin til heil bibliotekarstilling. Det vart derimot ikkje oppretta noko prosjektleiarstilling.

Med utgangspunkt i vedtak i *Strategisk handlingsprogram for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2004-2007* oppnemnde fylkesdirektøren eit nytt bibliotekutval som skulle revidere den gamle planen. Utvalet bestod av Trygve Jacobsen, rektor Mo og Jølster vgs, Anne Britt Andersen, ped. leiar Eid vgs, Marit Fåberg Sjøstad, lærar Sogndal vgs, Aud Skipenes, bibliotekar Eid vgs, Lise Monsen, bibliotekar Flora vgs, Anja Angelskår Mjelde, fylkesbiblioteket og Knut Grinde, opplæringsavdelinga. Knut Grinde vart vald til leiar, medan Aud Skipenes og Anja Angelskår Mjelde har delt på sekretærarbeidet.

I mandatet stod det m.a. at utvalet skulle skaffe status for bibliotektenestene ved skulane, sjå på korleis ein kan nå målet om biblioteket som ein sentral læringsarena og lage framlegg til opptrappingsplan. Dette utvalet legg her fram sin *Utviklingsplan for biblioteka i vidaregåande skular i Sogn og Fjordane 2007 - 2010*.

2. NYE BEHOV

Skulebiblioteket er både ein kunnskapsarena der ulike typar informasjon er tilgjengeleg, og ein kulturarena der leseglede og oppleving står sentralt. Det er saleis ein viktig læringsarena på skulen. Her skal elevane ikkje berre få servert informasjon, men også lære å sjølv finne fram i tilgjengeleg litteratur og internettressursar. På fleire viktige område skil eit skulebibliotek seg frå eit folkebibliotek. Skulebiblioteket er eit spesialbibliotek eller eit fagbibliotek, retta mot utdanning/opplæring. Tenesta skal vere for ei definert målgruppe (både unge og vaksne elevar), og innretta etter målsetjingar og læreplanar tilpassa den enkelte skule sine tilbod.

Fylkesdirektøren ser særleg to utfordringar for å nå visjonen i planen " *Dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane har eit moderne bibliotek, med tilgjengelege og kvalifiserte tenester*". Det trengst først og fremst ressursar nok til å få oppjustert bibliotekarstillingane. Uten stillingar av ein viss storleik får ein ikkje tak i kvalifiserte bibliotekarar. I tillegg er det avgjerande at leiinga ved skulen tydeleggjer bibliotekaren si plassering i organisasjonen, og let denne bli ein del av skulen sitt

pedagogiske liv. Leiinga må syne interesse for det som skjer i biblioteket, og fylgje opp bibliotekaren sitt arbeid både i handlingsplanar og i det daglege. Det må også setjast av tid til opplæring av lærarane i å bruke biblioteket og ressursane der, då dette vil gje både lærarar og elevlar større utbytte av skulebiblioteket.

I den gamle planen nytta utvalet særleg *Reform -94* som utløysande årsak som behov for auka satsing på biblioteka. Dei sette velfungerande bibliotektenester ved skulane som vilkår for at m.a. det obligatoriske prosjektarbeidet i reforma kunne gjennomførast.

Også utvalet bak den nye planen nyttar ny reform i skuleverket som sterkt medverkande årsak til behovet for auka satsing på skulebiblioteka. *Kunnskapsløftet* skal innførast for grunnkursklassane (Vg1) hausten 2006. I løpet av tre år vil reforma vere gjennomført for heile den vidaregåande skulen, Vg1, Vg2 og Vg3. Fylkesdirektøren har som mål at nødvendig opptrapping ved skulebiblioteka skal vere på plass hausten 2008, når heile den vidaregåande opplæringa blir påverka av reforma.

Kunnskapsløftet inneber m.a. nye læreplanar i alle fag, og det blir auka vektlegging på grunnleggjande ferdigheiter som å kunne lese, uttrykkje seg skriftleg og bruke digitale verktøy. I t.d. læreplan for norsk Vg3 studieførebuande program er det eit heilt klart mål at eleven skal kunne "*bruke bibliotekets sentrale databaser og andre faglige kilder, både tradisjonelle og elektroniske, i egne arbeider*".

Den vedtekne *Læringsplakaten* inneheld viktige prinsipp for metodar og strategiar i opplæringa, og det heiter m.a. at skulen skal stimulere elevlar til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking og fremje tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar.

Gi rom for lesing! er ein statleg tiltaksplan for auka leselyst og leseferdigheit for perioden 2003-2007. Her blir det slått fast at "*alle skoler skal ha en strategi for leseopplæring og lesing på alle årstrinn, og samarbeidet med bibliotekene skal styrkes*". Å mestre lesinga er grunnleggjande for alle fag i skulen, og avgjerande for å kunne tileigne seg anna kunnskap. For å kunne styrke elevane sine leseferdigheiter og motivasjon for lesing og styrke lærarane sin kompetanse i leseopplæring og bruk av skulebibliotek, er det nødvendig med moderne bibliotek med tilgjengelege og kvalifiserte tenester.

Biblioteket har også eit stort potensial til å fremje *informasjonskompetanse*. Med det meiner ein evna til å identifisere informasjonsbehov, å sjå at relevant og fullstendig informasjon er grunnleggjande for kloke avgjerder, at ein har evne til å finne passande hjelpemiddel for informasjonssøking (både tradisjonelle og elektroniske) og at ein utviklar evna til å bruke informasjonen på ein kritisk måte. Informasjonskompetanse er spesielt viktig i den aukande tilgangen på informasjon frå internett, der kvalitetssikringa i mange tilfelle manglar, og informasjonskompetanse er ein viktig del av satsingsområdet digital kompetanse.

Alt dette er knytta til lesekompetanse, og biblioteka, med kvalifiserte bibliotekarar, kan saman med lærarane bidra til å utvikle både lese- og informasjonskompetansen hjå elevane.

Også det nyleg reviderte *Strategisk handlingsprogram for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2004 - 2007* har fokus på skulebiblioteket sitt potensial som arena for å fremje lese- og informasjonskompetansen hjå elevane, og det blir slått fast kor viktig det er å utvikle skulebiblioteket til ein moderne og framtidretta læringsarena.

I hovudstrategi 2.3 blir det understreka kor viktig det er å ta i bruk undervisningsformer som aktiviserer elevar i høve til si eiga læring, og at ein må sikre at skulane har tilgang til ulike læringsarenaer og læremiddel, der elevane lærer å bruke ulike arbeidsmåtar.

I påfølgjande handlingsprogram 3.3 blir det slått fast som ønska situasjon i 2007 at biblioteket er ein god læringsarena tilpassa eleven og skulen sine arbeidsmåtar og metodar og at høg IKT-kompetanse og god tilgang til moderne datautstyr gjer det mogeleg å ta i bruk IKT som eit godt pedagogisk verktøy. For å nå desse måla må biblioteket verte ein sentral læringsarena og det blir eit stort behov for å auke stillingsstorleiken på skulebibliotekarstillingane.

Alt dette vil få konsekvensar for bibliotektenesta. Biblioteket og bibliotekaren vil bli ein viktig pedagogisk ressurs, som i sterkare grad enn før kan bli trekt inn i det faglege arbeidet. I hovudstrategi 2.7 blir det slått fast at det difor må satsast på kompetanseutvikling også for skulebibliotekarane.

I handlingsprogram 3.7 påpeikar ein behovet for kontinuerleg og systematisk kompetanseutvikling, særleg når det gjeld digital kompetanse.

3. OPPTRAPPINGSPLAN

Utvalet meiner at 20% bibliotekarressurs ved ein skule er for lite dersom ein ynskjer å ta ut det pedagogiske og trivselsmessige potensialet eit skulebibliotek har, og har difor foreslått 50% som minimum stillingsressurs til kvart bibliotek. Det er ynskjeleg å knytte ressursen til biblioteket, og ikkje til skulen. Dette gir seg det praktiske utslaget at t.d. Mo og Jølster som *ein* skule vil få ressursen knytta til dei *to* skulebiblioteka på Mo og på Vassenden. Denne skulen har i dag 20% til saman, 10% på kvar avdeling.

Utvalet har ikkje funne ferske normtal som grunnlag for behovet for opptrapping. Dåverande Rådet for vidaregåande opplæring utarbeidde offisielle normtal i 1988. RVO meinte at skular med fleire enn 200 elevar skulle ha *ei* heil bibliotekarstilling og skular med fleire enn 900 elevar *fleire* heile bibliotekarstillingar. I tillegg burde skular med fleire enn 400 elevar ha *kontorfagleg stilling i tillegg*.

For å få betre grunnlag for å setje normtal, har utvalet også sett på bibliotekplanane til andre fylkeskommunar, i første rekke Hordaland, Finnmark og Østfold.

Med bakgrunn i dette har utvalet laga ønska normtal for bibliotekarstillingar ut frå tal elevplassar for skuleåret 2006/2007:

- 199: 0,5 bibliotekarstilling
- 200 - 399: 1,0 bibliotekarstilling
- 400 - 599: 1,5 bibliotekarstilling
- 600 - : 2,0 bibliotekarstillingar

Det vil i tillegg vere ynskjeleg med hjelp til kontortekniske og praktiske driftsoppgåver, men dette er ikkje spesifisert i planen.

Skal ein nå målsetjingar i m.a. Kunnskapsløftet og Strategisk handlingsprogram for vidaregåande opplæring, er det heilt nødvendig med auka satsing på skulebiblioteka. Utvalet gjer difor framlegg om fylgjande:

1. Ingen skular skal ha under 50% stillingsstorleik pr bibliotek
2. Skular med 50% stillingsstorleik i dag, skal opp på normtalet utvalet har sett ut frå elevplassar 2006/2007.

3. Når ressursane ved biblioteka er på plass, vil bibliotekkoordinator vere sentral for å vere med å bygge opp og vidareutvikle gode bibliotektenester.

Samla bibliotekarressurs ved skulane i dag er 6 heile stillingar. Dersom Sogn og jord- og hagebruksskule og Fagskulen i Førde skal vere med i opptrappingsplanen, vil dette *til saman utgjere 16 stillingar*. Det er ein auke på 9,5 frå i dag, og vil medføre ein samla kostnad på 3,9 millionar over ein toårsperiode.

Tabell 5: Opptrappingsplan for stillingsstorleikar

| Skule | Elevplassar pr 2006/2007 | Bibliotek -ressurs 2005/2006 | Ønska ressurs | Når | Kostnad (Full stilling kr 390.000,-) | |
|---|--------------------------------|------------------------------------|------------------|-----------------|---|-------------------|
| | | | | | | |
| Høyanger | 204 | 0,2 | 1,0 | Hausten 2007 | Kr 117.000,- | Totalt |
| Mo og Jølster - avd Mo - avd Jølster | 100 132 | 0,1 0,1 | 0,5 0,5 | Hausten 2007 | Kr 312.000,- | Kr 429.000,- |
| Luster | 137 | 0,2 | 0,5 | Hausten 2007 | Kr 117.000,- | Kr 546.000,- |
| Dale | 269 | 0,2 | 1,0 | Hausten 2007 | Kr 312.000,- | Kr 858.000,- |
| Årdal | 234 | 0,2 | 1,0 | Hausten 2007 | Kr 312.000,- | Kr 1.170.000,- |
| Hafstad | 465 | 0,5 | 1,5 | Hausten 2007 | Kr 390.000,- | Kr 1.560.000,- |
| Sogndal | 705 | 1,0 | 2,0 | Hausten 2007 | Kr 390.000,- | Kr 1.950.000,- |
| Eid | 360 | 0,5 | 1,0 | Hausten 2008 | Kr 195.000,- | Kr 2.145.000,- |
| Måløy | 279 | 0,5 | 1,0 | Hausten 2008 | Kr 195.000,- | Kr 2.340.000,- |
| Øyrane | 372 | 0,5 | 1,0 | Hausten 2008 | Kr 195.000,- | Kr 2.535.000,- |
| Firda | 399 | 0,5 | 1,0 | Hausten 2008 | Kr 195.000,- | Kr 2.730.000,- |
| Stryn | 334 | 0,5 | 1,0 | Hausten 2008 | Kr 195.000,- | Kr 2.925.000,- |
| Flora | 499 | 1,0 | 1,5 | Hausten 2008 | Kr 195.000,- | Kr 3.120.000,- |
| Bibliotek-koordinator | | | 0,5 | Hausten 2008 | Kr 195.000,- | Kr 3.315.000,- |
| Sogn j&h | 52 | | 0,5 | | Kr 195.000,- | Kr 3.510.000,- |
| Fagskulen | 140 | | 0,5 | | Kr 195.000,- | Kr 3.705.000,- |
| Samla kostnad i løpet av 2007 og 2008: | | | | | Kr 3.900.000,- | |

Målet om 16 stillingar er godt i samsvar med konklusjonen til utvalet frå 1994. Ynskjte deira var at det ut frå gjeldande norm den gong skulle " *tilsetjast bibliotekarar i 14,5 stillingar og noko kontorpersonale i tillegg*".

Utvalet har sett opp ønske om ein bibliotekkoordinator i 50% stilling. Denne skal jobbe med å utvikle bibliotektenestene, koordinere samarbeid mellom biblioteka og med andre, planlegge møte og kurs og ha ansvar for drift av fagforumet. Ein kan også sjå for seg denne som ein ressursperson i høve dei bibliotekspesifikke datasystema.

Også dette er godt i samsvar med framlegget til utvalet frå 1994, som sette opp ønske om stilling for ein prosjektleiar til å koordinere og vidareutvikle skulebiblioteka.

4. FYLKESDIREKTØREN SITT FRAMLEGG

Fylkesdirektøren sluttar seg til bibliotekutvalet sitt framlegg til Utviklingsplan for biblioteka i vidaregåande skular i Sogn og Fjordane 2007-2010 med fylgjande justeringar:

Sogn jord- og hagebruksskule

Bibliotektenesta ved skulen vert å koma attende til når det er avklara kva funksjonar skulen skal ha i framtida. (FT sak 46/05)

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane

Fagskulen er halden utanfor planen, då utdanninga er skilt ut som ei eining, med eige styre. Fylkeskommunen yter tilskot til fagskuleutdanninga.

Iverksetjing av opptrappingsplanen må skje gjennom budsjett og økonomiplanarbeidet.